



Henning Olsen
Dalstøvegen 122
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4626 - 15/2405

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
10.02.2015

GBNR 19/13 - Orientering om sakshandsaming ved søknad om oppføring av garasje - Krav om innsending av søknad om vesentleg terrenginngrep

Administrasjonen viser til tilleggsinformasjon frå dykk journalført 22.1.2015 og tidlegare korrespondanse i saka.

Orientering om søknadsplikt for vesentleg terrenginngrep:

Etter gjennomgang av terrengprofilar og synfaring på byggetomta 9.2.2015, finn administrasjonen – i samsvar med atterhald teke i vårt brev til dykk dagsett 15.12.2014 – at terrenginngrepet som er naudsynt for oppføring av omsøkt garasje er eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1, bokstav k.

Denne lovføresegna etablerer søknadsplikt for «vesentlig terrenginngrep». Av innsendte opplysningar oppfatar kommuneadministrasjonen at grunn- og terrearbeida knytt til oppføring av garasjen inneber sprenging, fjerning av stein og jordmassar og etablering av skjeringar opp mot 7 meter høge. Det er opplyst frå dykk at det vidare er aktuelt å oppføre (støtte-)murar dersom det viser seg naudsynt for sikring av garasjen. Arbeidet samla sett går ut over dei terrenginngrepa som ikkje er omfatta av søknadsplikt etter sakshandsamingsforskrifta § 4-1, bokstav c, nr 6 (mindre fylling eller planering av terreng).

Administrasjonen vurderer at tiltaket inneber eit vesentleg terrenginngrep etter pbl § 20-1 bokstav k, som i samsvar med plan- og bygningslova sitt system er søknadspliktig med ansvarsrett for arbeida. Dette inneber at kommunen ikkje kan gje løyve til oppføring av garasje som omsøkt før vi har motteke søknad om terrenginngrepet frå ansvarleg føretak som har kompetanse i føretaket til å kunne godkjennast for arbeidet.

Orientering om vidare handsaming:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Handsaming av søknaden om oppføring av garasje vert stilt i bero i påvente av søknad frå ansvarleg føretak om prosjektering og utføring av terrengingrepet etter pbl § 20-1 bokstav k er motteke. Desse søknadene vil då verte handsama samla.

Dersom føretaket som vert nytta vurderer allereie innsendte teikningar som dekkande for inngrepet og skildrar dette på ein tilstrekkeleg måte, vil administrasjonen ikkje krevje ytterlegare dokumentasjon. Det vil vere høve til å søke om fritak for nabovarsling av tiltaket etter pbl § 21-3, då dette etter ei førebels vurdering allereie er skildra i nabovarsling gjennomført i samband med garasjesøknaden. Det sentrale for Meland kommune er å sikre at arbeida vert fagmessig prosjektert og utført av føretak med naudsynt kompetanse. Handsaminga av søknaden(e) vil verte prioritert etter mottak av søknad om terrengingrepet.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt konsulent byggjesak Tore Johan Erstad.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jarl Skauge

Mottakere:

Henning Olsen

Dalstøvegen 122 5918

FREKHAUG